

SAK 57/24 YRKESMESSA 2025 - FINANSIERING**Bakgrunn:**

Yrkessessa i Hallingdal har vorte arrangert kvart andre år sidan år 2000 - siste gong i 2023. Regionrådet for Hallingdal som står som arrangør, i tett samarbeid med næringsliv, skular, opplæringskontor, kommunar og verkemiddelapparat. Messa har alltid vore på Storefjell Høgfjellshotell, der utstillingslokale blir stilt til gratis disposisjon. Alle aktørane, inkl. 75-80 utstillerar stiller heilhjarta opp for å gje elevane ved ungdomsskulene og dei vidaregåande skulane i Hallingdal eit best mogleg grunnlag for val av utdanning og yrkesretning, samt ein oversikt over karrieremogelegeheitene i Hallingdal. Aktørane set si ære i å arrangere den beste yrkessessa i landet og det er berekna at det blir lagt ned eigeninnsats i storleik 4 - 5 mill. kroner.

Fylkeskommunen har alltid støtta yrkessessa. Buskerud fylke støtta dei første 11 yrkessessene med Tilskot frå partnarskapsavtala, og på den 12. yrkessessa i 2023 stilte Viken fylkeskommune opp med midlar. Når me no planlegg yrkessessa i januar 2025 har me ingen avtale om offentleg støtte.

Målsetting med yrkessessa

- Gi informasjon om karrieremogelegeheitene i Hallingdal til om lag 1000 elevar på 9.-og 10.trinn og VGS. Det er også ei messe for elevane sine pårørande, til lærarar, skuleleiarar, opplæringskontor, samt næringsdrivande og offentleg verksemder i Hallingdal
- Bidra til å behalde og attrahere unge til å bo og jobbe i distrikta.
- Kople ungdom til lokalt næringsliv og offentlege verksemder
- Gi ungdom betre grunnlag for sine val, som fører til mindre "dropout" og gode langsiktige effektar
- Bidra til at fleire ungdommar ser mogelegeheter i Hallingdal som framtidig arbeidsplass
- Profilering av Hallingdal og styrka omdømme, som på sikt er positivt for rekrutteringa til dalen

Tilbakemeldingane frå elevar, lærarar, føresette, skular og utstillerar er eintydig positive og me meiner dette er eit så viktig arrangement at me ønskjer å få det til også i 2025 sjølv om fylkeskommunen ikkje kan bidra.

Kostnader ved arrangementet var i 2023 om lag kr. 650 000. Dette skal dekke transport, og mat til alle elevane, samt div. leigd utstyr i messesalen. Husleiga tek Storefjell og kvar bedrift dekker sine kostnader med å rikke stad, overnatting osv.

Korleis finne kr 650 000 til arrangementet

- Me jobbar med å kunne redusere matbudsjettet noko slik at totalkostnaden blir redusert
- Me har ikke ein søknad hjå fylket som me ikkje får svar på med det fyrste
- Me har mange positive signal frå næringslivet på at dei vil delta i finansieringa
- Bidrag frå kommunar/Regionråd

Me må ganske snart si ja eller nei til ny gjennomføring og treng derfor avklaring på økonomi no

Drøfting

Yrkessessa handlar både om næringslivsstimulering, opplæring og karriererettleiling og er i høgste grad eit bu og blilystiltak. Hallingdal har som dei fleste distriktsregionar utfordringar med å sikre framtidig arbeidskraft. I denne samanheng er yrkessessa i Hallingdal ein god og viktig møteplass mellom næringsliv, ungdom, pårørande og skulen. Det er derfor ikkje vanskeleg å forankre messa i Strategisk plan for Hallingdal eller i kommunale planar.

Me ønskjer å få med oss fylkeskommunen på ei delfinansiering. Dei burde vore sjølvskrivne, fordi heile messa er kome i stand for å gje elevar ved VGS betre rettleiing om yrkesval. Om fylket vil delta er usikkert. Me jobbar for å få med oss næringslivet, anten i form av direkte sponsing eller ved at dei betalar for å vera

til stades. Og til slutt ser me på moglegheita for at kommunane deltek i spleiselaget med reine kommunale midlar eller ved bruk av regionale midlar.

Økonomi:

Økonomi	Kostnad	Eigeninnsats	Totalt
Prosjektleiing		40 000	40 000
Eigeninnsats prosjektgruppe		80 000	80 000
Transport	150 000		150 000
Leige av lokale, inkl. mat	350 000		350 000
Diverse, profilering	10 000		10 000
Delevegger + div	150 000		150 000
Eigeninnsats utstillarar (anslag)		4 000 000	4 000 000
Totalt	660 000	4 120 000	4 780 000

Yrkesmessa er eit Hallingdalsprosjekt som alle kommunane i Hallingdal og Hallingdal næringsforum stiller seg bak. Det er ei messe som VGS på Gol og Ål, samt alle ungdomsskular og opplæringskontor ønskjer å vidareføre, og det er ei messe som næringslivet stiller opp på år etter år. 97% av utstillerane signaliserer at dei ynskjer å delta på neste yrkesmesse.

Det er vanskeleg å koma med ein eksakt finansieringsmodell når finansieringskjeldene er så usikre som dei er i dag. Det er ikkje berekraftig at Regionrådet skal tømme fond for å få realisert yrkesmessa, så me må jobbe for ein langsiktig finansieringsplan på arrangementet.

For å kunne sette i gong i år, treng me likevel ein grunnfinansiering. Me foreslår følgande modell for å finansiere ein kostnad på kr. 600 000 (10% reduksjon frå 2023)

Bidrag frå næringslivet	kr 300 000
Regionråd/kommunar bidreg med ein garantisum på	kr. 300 000
Summen frå Regionråd/kommunar blir redusert om fylket blir med	

Summen frå kommunar kan takast frå Regionale fondsmidlar, ved at kommunane betalar for sin stand/si deltaking, eller ein kombinasjon av desse. Den enkleste vegen til ein raskt svar er å bruke av regionale fond denne gongen og så jobbe for ei berekraftig løysing til neste gong i 2027.

Forslag til vedtak:

Regionrådet løyver inntil kr 300 000 som delfinansiering av yrkesmessa 2025. Midlane skal takast frå Disposisjonsfondet.

Hallingdal, 4. sept 2024

Jan Olav Helling
 Dagleg leiar regionrådet for Hallingdal